



# Forord

## Næringslivsåret 2024

I løpet av 2024 besøkte vi 345 av medlemsbedriftene våre i Vestland.

Først og fremst har besøka vist oss kva for ei enorm skaparkraft som finst hos private bedrifter her i fylket. Vestland er Noreg sitt største eksportfylke, og bedriftene eksporterte i fjor for i overkant av 230 milliardar kroner. Det er det meste eitt fylke har eksportert nokosinne!

Samstundes har medlemsbesøka òg gitt oss innsikt om utfordringane mange bedrifter står i. Mellom anna er det utfordrande tider i byggenæringa.

Ved slutten av året hadde vi 4052 medlemsbedrifter i NHO Vestland. Det er store skilnader i korleis bedriftene i ulike bransjar vurderer marknadssituasjonen.

Medlemsundersøkinga for desember viste at berre tre prosent av bedriftene i byggenæringa vurderte marknadssituasjonen som god. Høg rente og auka råvareprisar har ført til ein kritisk dårleg ordresituasjon og fleire konkursar. I 2025 vil vi derfor jobbe vidare for at det blir sett i gong fleire offentlege prosjekt. Det må byggast langt fleire bustadar, og ventetida for å få godkjent nye byggeprosjekt må ned.

Heldigvis går det òg bra i fleire bransjar. Bedriftene innan finans, offshore og sjømat melder om god marknadssituasjon, og utsiktene er òg gode for mellom anna reiselivsbedrifter og helse- og teknologibedrifter. Samstundes er det nokre utfordringar som gjeld alle bransjar. Mange vestlandsbedrifter skreiv i sommar under på eit opprop mot den høge eigarskatten i Norge. Den særnorske høge formuesskatten kveler innovasjon, nyskaping og norsk eigarskap, og vi i NHO meiner formuesskatten på såkalla arbeidande kapital må fjernast. Mange bedriftseigarar må i dag ta ut utbytte for å klare å betale formuesskatten. Dette er pengar som heller bør brukast på innovasjon, utvikling og nye arbeidsplassar.

I september la Italia sin tidlegare sentralbanksjef Mario Draghi fram ein rapport om europeisk konkurransekraft. Europa sakkar akterut og ligg bak USA og Kina når det gjeld mellom anna energiomstilling og ny teknologi.

Òg her i Vestland bør vi vere meir opptatt av korleis vi skal skape fleire bein å stå på når oljeinntektene etter kvart minkar. Mellom anna er det avgjerande at det blir bygd ut meir fornybar kraft.

I august lanserte vi Kraftløftet på Mongstad, saman

med LO, der næringsminister Terje Aasland, NHO-sjef Ole-Erik Almlid og LO-sjef Peggy Hessen Følsvik deltok. Utbygging av fornybar kraft står i stampe, noko som trugar eksisterande arbeidsplassar og industri og den grønne omstillinga i Vestland.

Bedriftene og kommunane må gjere det ein kan for å bidra til å energieffektivisere og bygge ut ny fornybar kraft. Lokalpolitikarar bør framleis ha siste ord i utbyggingssaker, men bør òg konsekvensutgreie og gripe moglegheitene i langt større grad enn det vi har sett til no når det gjeld kraftutbygging. Å seie nei til alt har òg ein svært høg kostnad for både samfunn og natur.

Nok arbeidskraft blir òg avgjerande for Vestlandet si konkurransekraft framover. To av tre bedrifter i Vestland strevar med å få tak i nok tilsette med riktig kompetanse. Samstundes står 70 000 utanfor arbeidslivet i Vestland. Saman med Nav jobbar vi no med ei rekkje tiltak for å få fleire inkludert i arbeidslivet. Dette arbeidet, som vi kallar Arbeidskraftløftet, vil vi halde fram med i 2025.

Sjølv om det er grunn til uro for svekka konkurransekraft og at den grønne omstillinga ikkje går raskt nok, skjer det òg banebrytande framsteg her i Vestland. I september var det offisiell opning av Northern Lights-anlegget

i Øygarden, det første kommersielle anlegget for transport og lagring av CO2 under havbotnen. Det er god grunn til å vere stolt av kva ein har fått til i Øygarden.

Slutten på året innleia ein ny epoke med internasjonal uro. Krig i Europa, truslar om tollmurar og geopolitiske gnissingar gjer eit dystert bakteppe når vi no går inn i eit nytt år.

Framover må vi søke felles løysingar og tettare samarbeid med Europa. Det vil vere avgjerande for at vi skal klare å styrke Noreg og Vestlandet si konkurransekraft.

**Helene Frihammer**  
Regionleder



# Innhald

Forord - Næringslivsåret 2024 .....	02
<b>NHO</b> .....	06
<b>NHO Vestland</b> .....	07
Styret i NHO Vestland .....	08
Valkomit� .....	08
Tilsette i NHO Vestland .....	09
<b>N�ringspolitisk arbeid</b> .....	10
NHO sitt veikart .....	11
<b>Medlem og marknad</b> .....	12
Juridiske tenester .....	12
L�soppgjeret 2024 .....	2
<b>Kommunikasjon</b> .....	13
<b>Satsingsomr�de</b> .....	14
1. Kraftl�ftet .....	14
2. Arbeidskraft og inkludering .....	15
3. Privat eigarskap .....	15
4. Private som leverand�rar til det offentlege .....	16
5. Samferdsel .....	16
<b>Andre prosjekt og samarbeid</b> .....	17
H�yanger Lean Industri .....	17
Jenter og teknologi .....	18
SMS� .....	18
Gr�n Region Vestland .....	18
One Ocean .....	18
<b>Arrangement</b> .....	19
<b>Representasjon fr� NHO Vestland</b> .....	23

# NHO

Næringslivet sin Hovudorganisasjon (NHO) er den største og leiande organisasjonen for arbeidsgjevarar i Noreg. Vi har over 33.000 medlemsbedrifter, med til saman over 700 000 årsverk. 97 prosent av medlemmane er små og mellomstore bedrifter med under 100 tilsette.

NHO har om lag 300 tilsette, som jobbar for gjennomslag i saker som er viktige for medlemmane. Mellom anna arbeider vi med politisk påverknad, merksemd for saker og gjennomslag i lønsoppgjeret. Dei 10 regionkontora dekker alle fylka, og dei 18 landsforeiningane tek i vare medlemmane sine bransjeinteresser.

NHO jobbar kontinuerleg med å styrke posisjonen som Noreg sitt største fellesskap for bedrifter.

## NHO Vestland

NHO Vestland er det nest største av NHO sine 10 regionkontor. Vi er sju tilsette i Bergen og ein ved kontoret i Florø. I Bergen sit vi saman med NHO Reiseliv, Sjømat Norge og LUP - Leverandørutviklingsprogrammet.

Dei tilsette i NHO Vestland jobbar for politiske gjennomslag og med å løfte viktige saker for medlemmane. Kontoret tilbyr rask service og rådgjeving, arrangerer møteplassar og samarbeider med ei rekke andre private og offentlege aktørar om saker som er viktige for medlemsbedriftene.

Dei ulike bransjeorganisasjonane i NHO har òg 17 lokale representantar i Vestland, som jobbar for medlemmane her.



## Styret i NHO Vestland

### Styreleiar

Styreleiar  
Lisbet Nærø, Fana Sparebank (Finans Norge)

### Nestleiar

Erik Osland, Osland Havbruk AS (Sjømat Norge)

### Styremedlemmar

Trygve Solaas, Westcon Yards Florø (Norsk Industri)  
Nils Aslak Huus, Firda Billag AD (NHO Transport)  
Sølvi Solmunde, Clarion Hotel Admiral AS (NHO Reiseliv)  
Silje Skaar Sunde, Eviny (Fornybar Norge)  
Knut Løvdal Stauri, HS Bygg AS (NHO Byggenæringen)  
Jannike Hansen, CCB Mongstad AS (Offshore Norge)

### Varamedlemmar

Linda Hovland, Framtidsfylket AS (Abelia)  
Erik Erdal, Aker Solutions AS (Norsk Industri)  
Katharine Gude, Smart bemanning (NHO Service og Handel)  
Daniel Håkansson, Baker Brun AS (NHO Mat og Drikke)

### Valkomité

Aina Berg, Norce AS (Abelia)  
Bjarte Hordnes, Aksell Vest AS (Norsk Industri)  
Marita Solheim, Visit Fjordkysten AS (NHO Reiseliv)  
Jakob Særsten, LOS-Gruppen AS (NHO Elektro)



## Tilsette i NHO Vestland



**Helene Frihammer**  
Regiondirektør



**Sondre Olsen**  
Politisk rådgjevar



**Nina Tennebekk**  
Advokat



**Hildegunn  
Ytrearne Nygård**  
Advokat



**Wenny Irene Hansen**  
Rådgjevar



**Wenche Salthella**  
Seniorrådgjevar



**Mona Sandmo Nilsen**  
Rådgjevar




**Siri Løken**  
Kommunikasjonsrådgjevar

Foto:  
Moment Studio  
Ole Kristian Olsen  
Wenny Hansen

## Næringspolitisk arbeid

NHO Vestland arbeider for at næringslivet skal kunne utvikle seg og vekse i Vestland. Derfor jobbar vi opp mot både kommunar, fylkeskommunen og nasjonale styresmakter for å få politiske gjennomslag.

I 2020 blei NHO sitt veikart for framtidens næringsliv lansert med ti ambisjonar for 2030 for ei bærekraftig framtid. Dette dannar grunnlag for vårt næringspolitiske arbeid og vi følger utviklinga tett. Ved inngangen til 2024 såg status for utviklinga for dei ulike ambisjonane slik ut.



Kraftløftet: NHO og LO besøker Equinor Mongstad i august.

### Status ved inngangen til 2024 - Veikartets ti ambisjoner



1. Høyere verdi-skapning



2. Høyere yrkes-deltakelse



3. Større privat sektor



4. Utenriks-økonomi i balanse



5. Reduserte klimagass-utslipp



1. Øke innovasjon og omstillingsevne



2. Tette kompetanse-gapet



3. Konkurransedyktig skattetrykk



4. Høy tillit



5. Høyere organisasjonsgrad

### NHO sitt veikart (10 ambisjoner)

I størst grad gjekk utviklinga av reduksjon av klimagass-utslipp, å tette kompetansgapet og konkurransedyktig skattetrykk feil veg.

I løpet av 2024 har vi i NHO felleskapet og Vestland derfor jobba særleg med fire utvalde satsingar som er avgjerande for å lukkast med ambisjonane i veikartet. Tilgang på nok kraft og nok arbeidskraft med rett kompetanse er blant dei viktigaste sakene. I tillegg jobbar vi generelt for gode og føreseielege rammer for private eigarar, og for bruk av private løysningar i det offentlege for å få mest mogleg ut av offentlege midlar.

Vi har kontakt med politikarar, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Mellom anna møter vi jamleg stortingsbenkane til Hordaland og Sogn og Fjordane. I møta i mai og november tok vi opp saker knytt til rammevilkåra til bedriftene i Vestland. På begge møta hadde vi med fleire bedriftsleiarar, som tok opp problemstillingar frå deira bransjar.

I 2024 var vi glade for å få gjennomslag for å fjerne den ekstra arbeidsgjevaravgifta. I tillegg blei det mellom anna

innvilga 250 millionar kroner ekstra til energieffektivisering i bygg. Det er óg positivt at regjeringa og SV blei einige om eit styrka punktutslppsprogram, CO2-kompensasjonsordninga og satsing på CCS (karbonfangst og lagring).

I fjor reiste vi òg rundt og møtte alle ordførarane i Vestland. Vi delte ut NHO-krus og ga lokalpolitikarane innspel til korleis dei best mogleg kan leggje til rette for næringslivet i kommunen sin.

Dei tilsette i NHO Vestland deltek i ei rekkje utval og forum saman med andre aktørar i fylket, som mellom anna i yrkesopplæringsnemnda, kompetanseforum, næringsforum og fagskuleforum. Vi arbeidar òg saman med andre organisasjonar om å få realisert ei rekkje samferdselsprosjekt.

Vi arrangerer årleg ei lang rekke konferansar, frukostmøter og andre møteplassar. Gjennom 2024 arrangerte vi mellom anna digitale frukostmøter med fleire landsforeiningar. Saman med NHO Reiseliv arrangerte vi òg reiselivsmøter i Bergen og i Nordfjord i august, der mellom anna nye tal for ringverknadene av reiselivet blei presentert.

## Medlem og marknad

NHO Vestland jobbar for fleire og meir nøgde medlemmar. I 2024 hadde vi svært god vekst, og ved årsslutt hadde vi 4052 medlemsbedrifter, med til saman 82 241 årsverk. NHO er med god margin det største fellesskapet for næringslivet i fylket.

Vi har gjennomført ei rekkje vervemøter i samarbeid med landsforeiningane i NHO-fellesskapet.

Vi jobbar systematisk med å sikre ein god relasjon til medlemmane våre og skaffe oss innsikt for betre tilbod. Gjennom 2024 har vi besøkt over 345 medlemsbedrifter over heile fylket. Vi har òg jamlege medlemsamtaler med bedrifter. Vi er opptekne av å få innsikt i bedriftene sin kvardag, og kva utfordringar og moglegheiter dei står ovanfor.

Medlemmane har tilgang til ei rekkje medlemsfordelar, som:

- Arbinn.no, NHO sin arbeidsgjevarportal
- Advokathjelp ved offentlege innkjøp
- Gunstige innkjøpsfordelar
- Arrangement, NHO-kurs og webinar

### Juridiske tenester

NHO Vestland sine advokatar Hildegunn Nygård og Nina Tennebekk hjelper medlemmane i Vestland med rådgjeving innan arbeidsrett.

Advokatane blir òg nytta som rådgjevarar og møteleiarar i samband med krav om individuelle forhandlingsmøter. I tillegg har advokatane delteke i organisatoriske møter mellom landsforeiningar og arbeidstakarorganisasjonar.

Advokatane har hatt fem ulike arbeidsrettslege kurs/webinar som har blitt sendt nasjonalt, i tillegg til bedriftsinterne kurs.

### Lønsoppgjeret i 2024

NHO er den viktigaste arbeidsgjevar-aktøren når det gjeld lønsutvikling i Noreg. Vi har eit system der frontfaget, altså industri i konkurranseutsett sektor, kvart år blir forhandla først. Resultatet legg føringar for oppgjeret elles, både i privat og offentlig sektor.

I 2024 blei det semje om ei ramme på 5,2 prosent lønsvekst. For NHO var det viktig å unngå storstreik, noko som ville ha kosta bedriftene dyrt. Samstundes skulle vi helst sett at meir av lønsveksten var opp til lokale forhandlingar, sidan store sentrale tillegg er spesielt krevjande for enkeltbransjar.

## Kommunikasjon

I NHO Vestland skal kommunikasjonen vår bidra til medlemstilfredsheit, gjennomslag og tillit. Ved å være synleg i aviser, radio og TV skapar vi merksemd om viktige saker for medlemmane våre.

I 2024 blei NHO Vestland nemnt i omlag 220 mediesaker, ifølge analysebyrået Retriever. Dette er ei solid auke frå 2023. Regiondirektør Helene Frihammer hadde på trykk 9 kronikkar og innlegg i ulike lokal- og regionalaviser. NHO Vestland har òg over 13 000 følgjarar på sosiale media på LinkedIn, Facebook og Instagram.

Kontoret får ein god del førespurnader frå journalistar, medan ein god del av mediesakene tek vi sjølv initiativet til.

Vi jobbar tett saman med medlemsbedrifter og landsforeiningar for å få ut informasjon om viktige saker for næringslivet i Vestland.

Arbeidet vårt med energi og omstilling fekk ein god del mediemerksemd i 2024. I tillegg blei vi intervjuet i ulike saker om mellom anna Arbeidskraftløftet, kommune-NM, kompetansebarometeret, eksportmeldinga, privat eigarskap og medlemsundersøkingane.

NHO Vestland har tolv ambassadørar. Dette er bedriftsleiarar frå ulike bransjar, som vi tilbyr medietrening og opplæring om NHO sine viktigaste politiske saker. Fleire av ambassadørane har òg fronta saker i ulike medium.



Regiondirektør  
Helene Frihammer  
intervjuet av TV2

# Satsingsområde

## 1. Kraftløftet

Det er svært alvorleg at utbygging av ny fornybar kraft i Noreg no har stoppa opp. Om mindre enn tre år ventar vi at overskotet på kraft er brukt opp. Tilgang på kraft er avgjerande for å behalde eksisterande arbeidsplassar og industri, og for å lukkast med klimaomstilling og grønne satsingar i næringslivet. Nok kraft er òg avgjerande for at vi skal kunne ha levelege og konkurransedyktige straumprisar i åra framover.

Kraftløftet er eit samarbeid mellom NHO, LO og Energi-departementet. Formålet er å heve kunnskapen om kraftsituasjonen og mobilisere for å sikre tilstrekkeleg tilgang på fornybar kraft i Noreg fram mot 2030. Dette må skje både gjennom energieffektivisering og utbygging av ny fornybar kraft og nett. I september arrangerte vi konferansen "Kraftløftet" på Mongstad. Der deltok mellom anna energiminister Terje Aasland, LO-leiar Peggy Følsvik og NHO-leiar Ole Erik Almlid.



Kraftløftet, Mongstad

## 2. Arbeidskraft og inkludering

Kompetansebarometeret til NHO viser at to av tre NHO-bedrifter ikkje får tak i nok folk med rett kompetanse. Arbeidskraftløftet er eit samarbeid mellom NHO og Nav. Målet er å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert arbeidskraft for norske bedrifter i åra framover. For å få til det må ein redusere utanforskapen. Rundt 70 000 menneske i arbeidsfør alder står i dag av ulike grunnar utanfor arbeidslivet Vestland. Ein må òg redusere sjukefråveret og få seniorar til å stå lenger i jobb. I november hadde vi saman med Nav fleire innspelsmøter med bedrifter. Der fekk vi gode innspel om ulike tiltak vi skal jobbe med saman i 2025. Vi jobbar òg tett med Vestland fylkeskommune for inkludering.

I Kompetansebarometeret 2023 spurde vi òg bedriftene om kunstig intelligens. Halvparten av bedriftene i Vestland svarer at kunstig intelligens vil vere viktig for bedrifta sin framtidige vekst og konkurransevne. Like mange seier at kunstig intelligens vil endre oppgåvene i bedrifta. Samstundes seier berre 13 prosent av bedriftene at dei har implementert verktøy basert på kunstig intelligens.

## 3. Privat eigarskap

I dag jobbar 69 prosent av sysselsette i Noreg i privat sektor, og private selskap står for ein stor del av verdiskapinga. For bedriftene er det viktig med gode og føreseielege rammer. NHO meiner skattepolitikken dei



Helene Frihammer og Elisabeth Nordvik



siste åra har vore svært skadeleg for norsk verdiskaping og eigarskap, og vi er derfor ein pådrivar for reduksjon i eigarskattlegginga. I juni tok NHO initiativ til eit opprop mot formuesskatt på arbeidande kapital. Over 3700 bedriftseigarar over heile landet skreiv under på oppropet, mellom dei mange frå Vestland.

#### 4. Private som leverandør til det offentlege


Det offentlege kjøper varer og tenester for nærare 800 milliardar kroner kvart år, og det aukar stadig. I LUP - Leverandørutviklingsprogrammet jobbar ein for å bruke innkjøp til å finne smartare løysingar, slik at vi får mest mogleg ut av offentlege midlar. LUP jobbar òg for å fremje auka samarbeid om innovasjon. I 2024 blei Øystein Sørhaug tilsett som innovasjonspådrivar i LUP, med kontorstad hos NHO Vestland i Bergen. Han jobbar òg mykje opp mot kommunar, fylke og helseinstitusjonar med innovative anskaffingar for anlegg og veg, betre helseløysingar og sirkulærøkonomi.

#### 5. Samferdsel

I 2024 blei Nasjonal Transportplan lagt fram. NHO la i forkant av dette fram "Samferdselsløftet", kor vi peikar på 14 særleg viktige prosjekt over heile landet. Tre av disse ligg i Vestland fylke:

- Fellesprosjektet Arna-Stanghelle
- E39 Stord-Os (Hordfast)
- Ny Røldalstunnel

I tillegg peikte vi på tre andre prosjekt som òg er viktige å prioritere i Vestland:



- E39 Klauvaneset-Vågsbotn (Nordhordlandstunnelen)
- E39 Storehaugen-Førde (Hafstadvjellstunnelen)
- Bybanen til Åsane

I Nasjonal Transportplan blei Fellesprosjektet Arna-Stanghelle, ny Røldalstunnel og Hafstadvjellstunnelen prioritert i første seksårsperiode. Nordhordlandstunnelen blei lagt inn i andre seksårsperiode, medan Hordfast og Bybanen ikkje blei prioritert.

NHO Vestland har òg vore ein pådrivar for å få på plass Stad skipstunnel, og har delteke i styringsgruppa. Arbeidet har ført fram, og prosjektet er no prioritert av Stortinget og lagt ut på anbod.



## Andre prosjekt og samarbeid

### Høyanger Lean Industri

Hovudorganisasjonane sine fellestiltak (HF) er samarbeidsprosjekt mellom NHO og LO, som støttar utviklingsaktivitetar i norske verksemder, gjennom økonomisk og fagleg bistand.

«Høyanger Lean Industri» er eit HF-prosjekt i regi av Hydro Aluminium Høyanger og Bilfinger Høyanger, der Sintef Manufacturing har vore kompetansepartnar og NHO Vestland ekstern prosjektleiar. Rådgjevar Wenny Irene Hansen har leia prosjektet, som blei avslutta i 2024.

Målet med prosjektet har vore å nytte og styrke partsamarbeidet som konkurransefortrinn, både i og mellom dei deltakande bedriftene. Hensikta har vore å forbetre produksjonen og arbeidsmiljøet.

Prosjektet har mellom anna styrka samarbeidet mellom verksemdene, og lagt grunnlag for betra trivsel, arbeidsmiljø, effektivitet og lønnsemd.

Alle medlemmar kan søke om støtte frå HF, men det føreset at bedrifta er bunden av tariffavtale og at hovudavtalen mellom NHO og LO gjeld for bedrifta.



HF prosjekt Høyanger Lean Industri

### Jenter og teknologi

Jenter og Teknologi er eit nasjonalt prosjekt for å auke talet på kvinner innan teknologi, realfag og yrkesfag. Målgruppa er jenter mellom 13 og 19 år. Norske bedrifter har stort behov for kompetanse innan desse faga. Prosjektet er eit samarbeid mellom NHO, NITO og Nasjonalt Senter for Realfagsrekruttering.

I 2024 blei det arrangert to liveshow for jenter i ungdomsskulealder i Vestland, eit i Førde og eit i Bergen. Til saman 500 ungdomsskulejenter deltok, og fekk sjå og lære om jobbmoglegheitene som finst innan realfag og teknologi.

### SMSØ Vestland

Samarbeid mot svart økonomi (SMSØ) Vestland er eit partnerskap mellom KS, NHO, Unio, Skatteetaten, LO, Virke og YS. SMSØ jobbar for å nedkjempe svart økonomi og sikre like konkurransevilkår, gode arbeidsplassar og ein velfungerande velferdsstat.

Den 21. november 2024 arrangerte SMSØ Vestland ein samarbeidskonferanse om arbeidslivskriminalitet og økonomisk kriminalitet i Bergen, med over 100 deltakarar.

Seniorrådgjevar Wenche Salthella har leia SMSØ Vestland i 2024.

### Grøn region Vestland

Gjennom Grøn region Vestland er det identifisert og systematisert arbeid med over 300 grøne prosjekt i heile Vestland. Prosjekta har potensial for å kutte utslipp, skape 24 000 nye jobbar, gi 75 milliardar meir i verdiskaping og 45 milliardar meir i eksport frå Vestland innan 2030.

Grøn region Vestland er et samarbeidsprosjekt mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge, etablert på vegne av Næringsforum Vestland. I Næringsforum er NHO Vestland representert ved regiondirektør Helene Frihammer.

Vestland er det største utsleppsfylket i landet. Utsleppskutt og auka grøn verdiskaping er ein særskilt viktig satsing for regionen.

### One Ocean

One Ocean Region har som mål å bli eit verdsløiande initiativ for å fremje samarbeid, bærekraftig vekst og kompetanse innan havnæringane. NHO Vestland deltek i arbeidsgrupper knytt til One Ocean, og regiondirektør Helene Frihammer sit som vara i styret. One Ocean Week går av stabelen kvart år i april, med ei imponerende rekkje konferansar, møter og workshops knytt til bærekraftige havnæringar. Her deltek både næringsliv, akademia og offentlege styresmakter.



Gruppebilde i forbindelse med regional årskonferanse.



## Arrangement

### Vest i Øst

“Vest i Øst” blei arrangert på Sommerro i Oslo 8. januar. Næringsminister Jan Christian Vestre og Idar Kreutzer frå NHO heldt hovudinnlegga. Det var òg panelsamtalar om samferdsel og korleis bedriftene skal få tak i nok folk med rett kompetanse. Konferansen arrangerast i samarbeid med Vestland fylkeskommune.

### Regional årskonferanse

NHO Vestland sin regionale årskonferanse blei arrangert på Hotel Norge 20. mars. Her var det innlegg av mellom anna Arne Sæterbakken (Sparebanken Sogn og Fjordane), Kristian Enger (NHO), Liv Signe Navarsete (Statsforvaltar i Vestland), Aslak Sverdrup (Innovasjon Norge), digitaliseringsminister Karianne Tung og statistiksjeff i Nav, Ulf Andersen. Det var òg debatt mellom stortingsrepresentantar frå Vestland om forventningane deira til statsbudsjettet for 2025. Konferansen blir arrangert i samarbeid med Innovasjon Norge, NAV, Agenda Vestland og Sparebanken Sogn og Fjordane.

### FOLKA

Folka er ein årleg rekrutteringskonferanse med fokus på mangfald og inkludering. Konferansen blir arrangert av Framtidfylket, Sunnfjord Utvikling, Nordfjordakademiet, Sogn Næring & NHO Vestland.

### Kapitaldagen

NHO Vestland er medarrangør for Kapitaldagen, som blei arrangert i Førde 15. oktober. Arrangementet samlar investormiljø, spennande oppstartsbedrifter og etablert næringsliv i Sogn og Fjordane. I 2024 for Kapitaldagen arrangert for åttande gong.

### Samferdselskonferansen

I april var vi med å arrangere konferansen «Det er vår tur», om behovet for å prioritere samferdselsprosjekt i Vestland. Konferansen var eit samarbeid med Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, LO, Bergen Næringsråd og Sogn og Fjordane Næringsråd.

### 8. mars

Kvinner i styre og leiing var tema for frukostmøtet vi hadde saman med Connect Vest og VIS (Vestlandets Innovasjonsselskap). Frukostmøtet blei fullbooka på kort tid, med over 200 påmeldte og over 60 på venteliste.

### “Hele Norge Øver”

Beredskapsøvinga “Hele Norge Øver” blei arrangert i Bergen i april. Digitaliseringa har gjort norske bedrifter sårbare for cyberangrep, men det er manglande medvit knytt til digital tryggleik i norsk næringsliv.

“Hele Norge Øver” er eit initiativ frå NHO, DNB, Telenor, DNV og Digital Norway, der ein inviterer bedrifter over heile landet til praktiske og gratis beredskapsøvingar. Deltakarane får kjenne på kroppen korleis det er å stå midt i eit dataangrep, og lærer kva bedrifta må ha på plass før uhellet er ute.

### Go Big or Stay Home: Hele Vestland eksporterer

Vi er på veg inn i vår tid si største omstilling og treng raskt nye bein å stå på når olje og gass etterkvart blir fasa ut. Vestland er i dag det største eksportfylket i Noreg. Men vi har dårleg tid, og må lukkast med å styrke og diversifisere eksporten og skalere fleire løysingar. På denne konferansen, som truleg blir eit årleg arrangement, sette vi fokus på korleis ein saman kan lukkast med å auke eksporten frå regionen vår. NHO var medarrangør på konferansen under Innovasjonsuken OPP, saman med Bergen Næringsråd, Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge.

### Norsk Industri: (6 største utsleppspunkt)

Vestland er Noreg sitt største utsleppsfylke. Dette heng tett saman med at fylket har svært stor verdiskaping frå industri. Mange av produkta industrien vår leverer har langt lågare utslepp enn alle konkurrentar på verdsbasis. Likevel kjem over halvparten av utsleppa i fylket vårt frå 6 større industriutsleppspunkt. Vi samlar jamleg desse aktørane saman med Norsk Industri, Grøn Region Vestland og Vestland fylkeskommune for å diskutere framdrift for utsleppskutt og vidare utvikling. På rundebordsmøtet var òg næringsministeren til stades.

## Andre samarbeidsarenaer

### Næringsforum

Næringsforum Vestland er eit partnerskap mellom ei rekke offentlege aktørar i Vestland, leia av Vestland fylkeskommune. Målet er å fremje innovasjon og næringsutvikling i Vestland. NHO Vestland deltek i næringsforum ved regionleiar Helene Frihammer.

I Næringsforum deltek Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet, Nav, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges

Handelshøyskole, Norges forskingsråd, KS Vestland, Bergen kommune, Siva, Næringsalliansen Vestland og LO Vestland.

### Fylkesberedskapsrådet

NHO Vestland representerar næringslivet i fylkesberedskapsrådet i Vestland. Rådet blir leia av Statsforvalteren i Vestland og består mellom anna av representantar frå ulike nødetatar, offentlege organ og frivillige organisasjonar. Rådet skal bidra til planlegging av samfunnssikkerheits- og beredskapsarbeid i fylket. NHO Vestland si rolle er å sikre at næringslivet er tett kopla på.

### Yrkesopplæringsnemnda og Kompetanseforum

NHO Vestland deltek i Yrkesopplæringsnemnda og Kompetanseforum. Her gjer med råd og innspel til korleis ein kan sikre kvaliteten på fag- og yrkesopplæringa. For næringslivet er det viktig at skuletilboda svarar til bedriftene sine behov.

Skulestruktursaka peikar seg ut som ei av dei viktigaste sakene gjennom året. Det har vore eit omfattande arbeid, som har vekt mykje engasjement i heile fylket. Ny opplæringslov har òg sett sitt preg på arbeidet i 2024.

NHO Vestland er representert i Yrkesopplæringsnemnda og Kompetanseforum ved rådgjevar Wenny Irene Hansen.

### Styret i fagskulen

NHO Vestland er i styret til Fagskulen Vestland, ved regiondirektør Helene Frihammer. Her er det viktig at tilbodet som blir gitt ved fagskulen speglar næringslivet sitt behov.

### Samferdsel:

NHO Vestland er representert i fleire kontaktual for samferdsel ved politisk rådgjevar Sondre Olsen. Mellom anna er vi engasjert i Kontaktutvalet for E39 gjennom Hordaland, E39-utvalet for Sogn og Fjordane og Kontaktutvalet for K5 (veg og bane mellom Bergen og Voss).

Bilder fra bedriftsbesøk med mer



Styre og administrasjonen på studietur til Brussel



Mona Sandmo Nilsen på bedriftsbesøk hos Elkem



NHO Vestland Fløien



Bedriftsbesøk dyreklinikk Florø



Regiondirektørmøte i Nordfjord



Helene hos NRK 8. mars



Anniken Hauglie og Northern Lights



Helene og Monica på Pride

## Representasjon frå NHO Vestland:

### NHO sitt representantskap

Rune Kolbeinsvik, Austevoll Elektro AS (NHO Elektro)  
Trine Lerum Hjelhaug, Lærum AS (NHO Mat og Drikke)  
Andre Høyset, Fjord 1 ASA (NHO Sjøfart)  
Roger R. Harkestad, Tide AS (NHO Transport)

### Vararepresentantar

Kenneth Hamnes, Kavli AS (NHO Mat og Drikke)  
Espen Sævold, Visit AS (NHO Service og Handel)  
Ingrid Solheim, StS-gruppen AS (Norsk Industri)  
Cecilie Sælen, CCB AS (Offshore Norge)

### NHO sin generalforsamling

Arnstein Faskerud, Elmera Group ASA (Fornybar Norge)  
Lene Eltvik Vindfeld, TV2 (Mediebedriftenes Landsforening)  
Jan Henrik Nygård, Norblikk AS (NHO Byggenæringen)  
Rune Finne, Alimak Group Norway AS avd. Bergen (NHO Elektro)  
Gerdt Meyer, JAS AS (NHO Logistikk og Transport)  
Marianne U. Knapstad, BB Servicesystem AS (NHO Service og Handel)  
Katharine Gude, Smart Bemanning AS (NHO Service og Handel)  
Trygve Solaas, Westcon Yard Florø AS (Norsk Industri)  
Gard Haugland, Bien Bar AS (NHO Reiseliv)  
Sølvi Solmunde, Clarion Hotel Admiral AS (NHO Reiseliv)  
Helge Singelstad, Lerøy Seafood AS (Sjømat Norge)  
Øyvind Oaland, Mowi Seawater Norway AS (Sjømat Norge)

### Vararepresentantar

Gard Kvalheim, LAB Entreprenør AS (NHO Byggenæringen)  
Geir Kleppe, Nordhordland Elektro AS (NHO Elektro)  
Inge Martin Karlsvik, Norske Landbrukstenester (NHO Mat og Drikke)  
Nils Huus, Firda Billag AS (NHO Transport)  
Rolf Røssland, NUI AS (Offshore Norge)  
Jannike Hansen, CCB Mongstad AS (Offshore Norge)  
Guri Lerøy Riple, Marine Fabrication AS (Sjømat Norge)

### NHO sitt styre

Jannicke Hilland, konserndirektør Infrastruktur, Telenor ASA



Wenche Salthella på besøk hos gartneri



Foto: Unsplash

Layout: NHO Design 2025